



**ØY
GARD
EN**

- eit fyrtårn i vest

**Forslag til planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplan
Øygarden kommune
2022-2034**



Innhold

1. Kva er eit planprogram?	5
Kunnskapsgrunnlag	5
Innhold i planprogrammet	5
2. Kva er ein kommuneplan?	6
Plansystem for Øygarden kommune	6
3. Formål og mål for planarbeidet	8
Formål	8
Mål	8
Resultatmål (resultat av kommuneplanen sin samfunnsdel):	8
Prosessmål	8
4. Tema- og innsatsområde som kommunen vil ha særleg fokus på.	9
Berekraftutfordringar og viktige innsatsområde	9
Tema- og innsatsområde 1: Den gode staden å bu	10
Tema- og innsatsområde 2: Meistring gjennom livsløpet	11
Tema- og innsatsområde 3: Kompetent, innovativt og produktivt samfunn	12
Tema- og innsatsområde 4: Klimavenleg samfunnsutvikling	12
Arealstrategi	13
Kommunen som organisasjon	14
5. Organisering og medverknad	15
Administrativ og politisk organisering	16
Styringsgrupper:	16
Prosjektstyring:	16
Kommunestyret og råda skal medverka i kommuneplanarbeidet	18
Innbyggarmedverknad – alle skal med	18
Interessentanalysar	18
Folkevalde, råda og UKS spelar ei viktig rolle i medverknadsarbeidet	19
Informasjon og innbyggartorga	19
6. Framdriftsplan og milepelar	20
Vidare saksgang	20
Følgande saksgang vil gjelda for kommuneplanen sin samfunnsdel:	20
Oppgåver og framdrift	21
7. Lokale, regionale og nasjonale føringar	25
Lokale føringar: Øygarden- eit fyrtårn i vest	25
Nasjonale forventingar og føringar	26
Regionale forventingar og føringar	27
8. Utgreiingsbehov	28
Vedlegg	29

Når kommunen startar arbeidet med å revidera eller utarbeida ny kommuneplan skal det lagast eit planprogram. Dette er planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden kommune 2022-2034. Planprogrammet omtalar formål og mål for planen, kva som blir viktige tema i kommuneplanen, korleis vi skal sikra god medverknad i planprosessen, føringar for planarbeidet, framdriftsplan og utgreiingsbehov.

Forslag til planprogram for
ny samfunnsdel til kommuneplan
Øygarden kommune 2022-2034

Kontaktinformasjon:
Postadresse: Ternholmvegen 2, 5337 Rong
Telefon: 56 16 00 00

Nettside: www.oygarden.kommune.no
Epost: postmottak@oygarden.kommune.no

Utarbeida ved Areal- og samfunnsplan
Grafisk utforming: Kjell Andersland

Framsida: Landrovågen (foto: K. Andersland)

Øygarden kommune har starta arbeidet med å utvikla sine langsiktige mål og strategiar for samfunnsutviklinga; dvs. ny samfunnsdel til kommuneplan for perioden 2022-2034. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vera Øygarden sitt viktigast langsiktige styringsverktøy; både for samfunns- og tenesteutviklinga, òg for vår strategiske utnytting av areal.

Det er brei politisk semje om at FN sine berekraftmål skal nyttast som ramme for planarbeidet. Berekraftmål 1 «utrydda fattigdom», 3 «god helse», 4 «god utdanning», 8 «anstendig arbeid og økonomisk vekst», 9 «innovasjon og infrastruktur», 11 «berekraftige byar og samfunn», 14 «liv under vatn» og 17 «samarbeid for å nå måla» vil få særleg merksemd. Dette bygger på kunnskap om lokale samfunnsutfordringar og grundige drøftingar av korleis vi kan styra mot meir berekraftig utvikling; økologisk, økonomisk og sosialt.

Planarbeidet vil ta utgangspunkt i fire overordna temaområde; «Den gode staden å bu», «Meistring gjennom livsløpet», «Kompetent, innovativt og produktivt samfunn» og «Klimavenleg samfunnsutvikling». Temaområda må ikkje forståast som endelege og uttømande. Gjennom brei medverknad frå innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv mfl. i sjølve planprosessen, er det rom for innspel og justeringar.

[I Øygarden kommune sin planstrategi for 2020-2023](#), og i arbeidet med dette planprogrammet, er det gjennomført ei forventingsavklaring til kommunen sitt planarbeid. På generelt grunnlag er tilrådinga at alle planar skal utformast som korte og presise dokument med tydelege mål og strategiar. Når det gjeld samfunnsdelen, som omhandlar mål i eit 12-årsperspektiv, er det i tillegg viktig å prioritera og definera satsingsområda, og utvikla målsettingar som inviterar til breitt og strategisk samarbeid; både i kommuneorganisasjonen og med næringsliv og innbyggjarar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal omhandla mål og strategiar for kommunen som organisasjon. Utvikling av mål og strategiar vil bl.a. skje med utgangspunkt i tverrfaglege drøftingar av kommunen si rolle som god tenesteleverandør og aktiv samfunnsutviklar.

I samsvar med nye nasjonale forventingar skal kommuneplanen sin samfunnsdel innehalda vedtak om kommunen sine langsiktige arealstrategiar. Øygarden sine arealstrategiar skal sikra at arealbruken støttar og bidreg til å nå dei langsiktige måla for samfunnsutviklinga, som vert fastsett i samfunnsdelen. Dei overordna arealstrategiane vil vera førande for rulling av arealdelen til kommuneplan for Øygarden. Arbeidet med å rullera arealdelen vil starta hausten 2021 (jf. Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023).



Sørevågen, Knyppskog
Foto: Kjell Andersland

Forslag til planprogram viser korleis arbeidet med å utvikla ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden 2022-2034 er tenkt gjennomført. Vi ønskjer å invitera til brei medverknad og opne diskusjonar i planprosessen. I forslag til planprogram finn de informasjon om formål og mål for planarbeidet, omtale av tema- og innsatsområda, organisering, medverknad og framdriftsplan.

Innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv, lokale og regionale samarbeidspartar mfl. er invitert til å gje skriftlege innspel til planprogrammet. Frist er sett til 22. januar 2021.



Sørøygarden, Knappskog
Foto: Kjell Andersland

1. Kva er eit planprogram?

Planprogram er ei prosjektskildring av ein komande planprosess. Dette planprogrammet gjeld ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden kommune 2022-2034. Planprogrammet omtalar planarbeidet sitt formål, organisering, medverknad, framdriftsplan, milepelar, føringar og behov for utgreiingar.

Kunnskapsgrunnlag

Planprogrammet er utarbeidd med støtte i følgande kommunale dokument:

- [Folkehelseoversikt for Øygarden kommune 2019](#)
- [Kunnskapsgrunnlag til kommunen sin planstrategi for 2020-2023](#)
- [Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023](#)

Innhald i planprogrammet

I kapitela som følger finn du meir informasjon om:

- kva ein kommuneplan er og kva for plan-system som skal følgast i Øygarden kommune, kapittel 2,
- formål og mål for kommuneplanarbeidet, kapittel 3,
- overordna tema- og innsatsområde som kommunen vil ha særleg fokus på i arbeidet med å utvikla ny samfunnsdel til kommuneplanen, kapittel 4,
- korleis planarbeidet vert organisert, og korleis vi skal sikra god og brei medverknad, kapittel 5,
- framdriftsplan og viktige milepelar, kapittel 6.
- viktige lokale, regionale og nasjonale føringar, planar og forventingar som må tas omsyn til i planarbeidet, kapittel 7, og
- utgreiingsbehov, kapittel 8.



Bjorøy skule
Foto: Kjell Andersland

2. Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen består av to delar; ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste strategiske styringsdokument. Planen set langsiktige mål og peikar ut strategiar for samfunnsutviklinga og kommunen som organisasjon. Kommunen sine langsiktige arealstrategiar skal også vedtakast i samfunnsdelen.

Arealdelen til kommuneplanen skal sikra at arealbruken støttar opp om og bidreg til å nå dei overordna måla som er fastsett i samfunnsdelen. Arealdelen er juridisk bindande og styrande for meir detaljerte arealplanar og utbyggingstiltak.


Plansystem for Øygarden kommune

I Øygarden skal kommuneplanen (samfunns- og arealdelen) vera styrande for vurdering av alle andre typar planbehov, dvs. eventuelle behov for kommunedelplanar, temaplanar, strategiar, handlingsplanar og reguleringsplanar for areal. Jf. [Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023](#), skal plansystemet vårt ha ein hierarkisk struktur og bestå av tre nivå:

1. Strategisk nivå – planstrategi og kommuneplanen sin samfunns- og arealdel
2. Strategiske utdjupingar – kommunedelplanar, temaplanar, strategiar, handlingsplanar og reguleringsplanar for areal
3. Prioritering av tiltak – kommuneplanen sin handlingdel og økonomiplan

Som nyetablert kommune er det stort behov for langsiktige og samstemte mål og strategiar for samfunnsutviklinga. I planstrategien for 2020-2023 er det difor vedteke at planar på nivå 1 skal utarbeidast først. Planprogrammet for ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden 2022-2034 er den første oppgåva i innføringa av dette strategiske plansystemet.

Oppstart og utvikling av planar på nivå 2 skal vera grunna i eit klart behov for å utdjupa dei vedtekne måla og strategiane på nivå 1. Planar på nivå 3, handlingsplan til kommuneplanen med økonomiplan, skal rullerast årleg og synleggjera kva for tiltak og tenesteutvikling som skal prioriterast for å nå kommunen sine langsiktige målsettingar.



Plansystem gjeldande for Øygarden kommune. jf. planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023.

3. Formål og mål for planarbeidet

Formål

Formålet med førestående planarbeid er å utarbeida ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden kommune 2022-2034. I samsvar med «[Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)», skal samfunnsdelen innehalda kommunen sine overordna arealstrategiar. Samfunnsdelen med arealstrategiar, skal vera kommunen sitt strategiske styringsdokument i eit 12-årsperspektiv.

Mål

Planprosessen har som mål å utarbeida ein plan som er godt forankra og har tydelege mål og overordna strategiar for utviklinga av Øygarden som samfunn, organisasjon og areal.

Effektmål (langsiktige verknadar)

Kommuneplanen sin samfunnsdel har følgende langsiktige verknadar:

- Kommunen sin visjon, «Eit fyrtårn i Vest», er godt forankra i planverket.
- Eit godt forankra styringsdokument som gir tydelege føringar for utvikling av andre kommunale planer, tiltak, handlingsplan og økonomiplan.
- Samstemte, tydelege og langsiktige arealstrategiar som varer utover ordinær planperiode, og som stimulera til sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig vekst.
- Eit godt forankra styringsdokument som gir

grunnlag for tydeleg prioritering av kommuneorganisasjonen sine ressursar.

- Ein samhandlande, løysingsorientert og handlekraftig organisasjon som til ei kvar tid svarar på kommunen sine moglegheiter og utfordringar.

Resultatmål (resultat av kommuneplanen sin samfunnsdel):

- FN sine globale berekraftsmål er gjort relevante for vår kommunale og lokale kontekst.
- Langsiktige mål og samstemte strategiar for å løysa definerte og prioriterte berekraftutfordringar er godt forankra i kommuneorganisasjonen og blant kommunen sine samarbeidspartar.
- Tydeleg oppfølging og målbar positiv utvikling innan kommunen sine prioriterte berekraftsmål med underliggende moglegheiter og utfordringar:



- Fokus på, oppfølging av og målbar positiv utvikling innan kommunen sine prioriterte tema- og satsingsområde:

- Den gode staden å bu
- Meistring gjennom livsløpet
- Kompetent, innovativt og produktivt samfunn
- Klimavenleg samfunnsutvikling
- Kommunen sine overordna arealstrategiar støttar opp kring kommunen sine prioriterte satsingsområde og langsiktige mål for samfunnsutviklinga.

Prosessmål

Planarbeidet skal gjennomførast slik at kommuneplanprosessen:

- Vert opplevd som den viktigaste arenaen for overordna diskusjonar om framtidig utvikling av Øygarden kommune.
- Vert godt forankra i kommunen, både politisk og administrativt og hos samarbeidspartar og innbyggjarar.
- Gir reell medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar både i utviklings- og høyringsfasa av planarbeidet.


4. Tema- og innsatsområde som kommunen vil ha særleg fokus på

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, inklusive areal og kommunen som organisasjon. Dette kapittelet omtalar dei tema- og innsatsområda som politisk styringsgruppe/Utval for samfunnsutvikling (UFS) og kommunestyret har vedteke skal få særleg merksemd i arbeidet med å utvikla ny samfunnsdel til kommuneplanen (jf. UFS-sak 050/20 og KS-sak 152/20).

Val av tema- og innsatsområde er arbeidd fram gjennom grundige politiske og administrative prosessar, og bygger på folkehelseoversikta, kunnskapsgrunnlag til kommunen sin planstrategi og dei 8 berekraftmåla som kommunestyret har vedteke å prioritera (jf. Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023). Dei tema- og innsatsområda som vert nærare omtalt i planprogrammet, må ikkje forståast som uttømande. Gjennom medverknad og drøftingar i prosessarbeidet, vil det vera rom for å arbeida vidare med namnsettinga og gjera nødvendige justeringar.

Berekraftutfordringar og viktige innsatsområde

[Folkehelseoversikta \(2019\)](#), [kunnskapsgrunnlaget og planstrategien for Øygarden kommune 2020-2023](#) synleggjer viktige utviklingstrendar og utfordringar i kommunen vår. På grunnlag av tverrpolitiske drøftingar av lokale utfordringar er åtte berekraftmål trekt fram som særleg viktige for Øygarden:



Politisk prioriterte berekraftmål, jf. planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023.

Berekraftmål 17, samarbeid for å nå måla, er politisk definert som ein føresetnad for å løysa samfunnsutfordringane våre.

I prosessen med å utarbeida planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplan, er dei åtte prioriterte berekraftmåla arbeidd om til å omhandla 4 tematiske innsatsområde. I UFS-sak 050/20 og KS-sak 152/20 er følgjande tema- og satsingsområde vedtekne:

- Den gode staden å bu
- Meistring gjennom livsløpet
- Kompetent, innovativt og produktivt samfunn
- Klimavenleg samfunnsutvikling


Tema- og innsatsområde 1: Den gode staden å bu



Temaområdet «den gode staden å bu» tek utgangspunkt i berekraftmål 1; utrydda fattigdom, berekraftmål 9; innovasjon og infrastruktur, berekraftmål 11; berekraftige byar og samfunn og nummer 17; samarbeid for å nå våre langsiktige målsettingar.

Den gode staden å bu rettar i hovudsak merksemda mot dei fysiske strukturane som må til for å skapa eit godt lokalsamfunn å leva og bu i. For å møte kommunen sine samfunnsutfordringar på desse berekraftsområda, og oppnå målbare positive resultat (jf. omtale av resultatmål i kapittel 3), inneber dette å gjera ein særleg innsats på områda:

1. Bustadsosialt arbeid
 - Trygge og gode bustadar – for alle
 - Varierte bustadtypar
 - Kommunen som bustadpolitisk aktør
2. Sosial infrastruktur
 - Offentlege tenester, og deira funksjon i lokalsamfunna
3. Kollektivtransport og mobilitet
 - Mjuke trafikantar
 - Innovativ transport
4. Universell utforming for å inkludere alle
 - Trygt lokalsamfunn
5. Sosialt aspekt
 - Utjamne forskjellar
 - Fremma helse og livskvalitet
 - Kultur og identitet
 - Fysiske omgjevnadar – friluftsliv og natur
6. Samarbeid med næringsliv og lokalsamfunn
 - Samfunnsentreprenørskap
 - På kva måte kan lag og organisasjonar mobilisera for å skapa trivsel?
7. Gode digitale løysingar



Arbeidsseminar, Hjeltefjorden Arena

Tema- og innsatsområde 2: Meistring gjennom livsløpet



Dette temaområdet handlar i hovudsak om sosiale strukturar som fremjar god helse og livskvalitet hos alle innbygarane våre. I tillegg til berekraftmål 17; samarbeid for å nå måla, er berekraftmål 1; utrydda fattigdom, berekraftmål 3; god helse, og berekraftmål 4; god utdanning, sentrale innanfor dette temaområde. Viktige innsatsområde for å skapa positiv samfunns-utvikling er:

1. Øygarden kommune som tenesteleverandør
 - Skule og barnehage som viktig arena for helsefremmande arbeid og i arbeidet med å utjamna forskjellar
 - Legga til rette for god helse gjennom heile livsløpet
2. Øygarden kommune som ansvarleg arbeidsgivar
 - Inkluderande arbeidsgivar
 - Kompetent organisasjon
3. Øygarden kommune som aktiv samfunns-utviklar
 - Samskaping med næringslivet, frivillige lag og organisasjonar
 - Sosialt entreprenørskap



Arbeidsseminar, Hjeltefjorden Arena

Tema- og innsatsområde 3: Kompetent, innovativt og produktivt samfunn



Kompetent, innovativt og produktivt samfunn tek utgangspunkt i berekraftsmål 4; god utdanning, mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og berekraftsmål 9; innovasjon og infrastruktur. Øygarden kommune som aktiv samarbeidsaktør er viktig for å bidra til utvikling og endring (berekraftsmål 17).

Temaområdet tar bl.a. opp i seg Øygarden sine målsettingar om å vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar, med særlege fortrinn innanfor energi, teknologi og marine ressursar. Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlag er det behov for å retta ekstra merksemd på:

1. Ny og innovativ teknologi og gode digitale løysingar
2. Proaktivt samarbeid for å utvikla kommunen og næringslivet i takt med behov for framtida
 - Innovasjon og entreprenørskap
 - Berekraft og grøn omstilling
 - Variert og robust næringsliv
3. Arbeidsmarknaden som føresetnad for å skapa gode lokalsamfunn
 - Fremja aktivitet og god helse

4. Næringslivet som raus og inkluderande samfunnsaktør
 - Motverke utanforskap
5. God kvalitet i heile utdanningsløpet
 - Samskaping mellom skule og næringsliv for å møta behov for kompetanse i framtida

Tema- og innsatsområde 4: Klimavenleg samfunnsutvikling



Viktige berekraftsmål for temaområdet «klimavenleg samfunnsutvikling» er berekraftsmål 3; god helse, 8; anstendig arbeid og økonomisk vekst, 9; innovasjon og infrastruktur, 11; berekraftige byar og samfunn og 14; liv under vatn.

Temaområdet handlar om både klimatilpassingar og klima, miljø og forureining, noko som er svært sektorovergripande. Berekraftsmål 17; samarbeid for å nå måla blir difor heilt sentralt innafor dette området. Temaområdet inneber at merksemd rettast mot:

1. Klima, miljø og forureining
 - Ansvarleg produksjon og forbruk, særleg innanfor akvakultur
 - Det menneskelege fotavtrykket som vi set på natur og miljø
 - Marin forsøpling

2. Samordna areal- og transportplanlegging
 - Fortetting og bustadmønster
 - Transportbehov og mobilitet, reisevanar
3. Klima- og miljø som føresetnad for god helse
 - Kjemisk miljø
 - Støy
 - Kvardagsaktivitet og meistring
4. Innovasjon og digitale løysingar
5. Samskaping med næringsliv, frivilligheit, ØyVAR med fleire

Val av tema- og innsatsområde er eit resultat av gode og involverande medverknadsprosessar, der både administrasjon, politikarar, ungdommens kommunestyre og råda har vore med i utforminga. Temaområda bygger på FN sine berekraftsmål og identifiserte lokale utfordringar, og møter dei globale, nasjonale og regionale forventningane om å finna moglegheiter og berekraftige løysingar lokalt. Definerte temaområde inviterer også til samarbeid for å nå mål og finna strategiske løysingar på tvers av tenester, interesser og fag.

Arealstrategi

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vedta Øygarden kommune sine langsiktige arealstrategiar. Vedtekne arealstrategiar skal sikra at arealbruken støttar opp om og bidreg til å nå dei overordna måla som vert fastsett i samfunnsdelen. Arealstrategiane vil også vera førande for arbeidet med å rullera arealdelen til kommuneplanen for Øygarden. Arbeidet med å rullera arealdelen til kommuneplanen vil starta hausten 2021 (jf. planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023).

Arealstrategiane som vert vedtekne i samfunnsdelen skal:

- støtta opp om kommunen sine prioriterte berekraftmål og valte tema- og innsatsområde:
 - Den gode staden å bu
 - Meistring gjennom livsløpet
 - Kompetent, innovativt og produktivt samfunn
 - Klimavenleg samfunnsutvikling
- leggast til grunn i arbeidet med å rullera Øygarden kommune sin arealdel til kommuneplan,
- finna det lokale handlingsrommet som samsvarar med regionale og nasjonale forventingar og føringar til arealforvaltninga (jf. kapittel 7),
- finna det lokale handlingsrommet som samsvarar med FN sine berekraftmål og sikra sosial, økonomisk og økologisk berekraftig samfunnsutvikling i Øygarden kommune.



*Straume idrettspark
Foto: Monica Hovland*

Kommunen som organisasjon

Samfunnsdelen til kommuneplanen skal også omhandla mål og strategiar for kommunen som organisasjon. Mål og strategiutvikling skal skje med utgangspunkt i tverrfaglege drøftingar av korleis kommuneorganisasjonen på best mogleg måte skal møte og løysa berekraftutfordringane innan dei fire valte temaområda. Samarbeid for å nå kommunen sine langsiktige målsettingar (berekraftmål 17) er vedteke som føresetnad og prinsipp for samfunnsutviklinga i Øygarden (jf. planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023). Dette samsvarar med trendar og forventingar til kommunen si rolle som aktiv samfunnsutviklar.


Rolla som aktiv samfunnsutviklar vert ofte omtalt som «kommune 3.0». Kommune 3.0 kan best illustrerast ved å sjå kommunen som lokalsamfunn. Dvs. eit samfunn der vi i fellesskap med innbyggjarane våre samarbeider om å utvikla og nå dei langsiktige målsettingane våre. Figuren under illustrerer korleis kommunen si samfunnsrolle, måten kommunane møter innbyggjarane på, politikarrolla og administrasjonen si rolle har endra seg over tid. Trendane og forventingane (jf. Nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging) tilseier ei stadig forskyving mot å opptre som «kommune 3.0», - altså ei forventing om at kommunen skal vera ein aktiv/proaktiv samfunnsutviklar. Dette set krav til kommuneorganisasjonen som handlekraftig, samhandlande og løysingsorientert (jf. kapittel 3, Effektmål – langsiktige verknader av planarbeidet).

	Kommune 1.0	Kommune 2.0	Kommune 3.0
Kommunen er	myndigheitsutøvar	organisasjon/ tenesteleverandør	lokalsamfunn/sam- funnsutviklar
Kommunen møter innbyggjarane som	undersåttar	kundar	ressurssterke og aktive samfunns- borgarar
Politikarrolla handlar om	handsame saker på formelle møter med formell dagsorden	setta mål og øko- nomiske rammer i dialog med fagfolk og kundar	prega dagsorden og stimulera til aktivitet i lokalsamfunna
Kommunen sine tilsette er fagleg dyktige og	opptatt av det korrekte og rettferdige	serviceinnstilt	opptatt av å finna ressursane hjå alle, invitera, mobilisera og fasilitera, etablera fel- lesskap og samskapa

Kjelde: Agderforskning AS og Skanderborg kommune.

5. Organisering og medverknad

Plan- og bygningslova set krav om at kommunale plan-prosessarskal vera opne og føreseielege, og at alle interesser som vert påverka skal sikrast medverknad. Dette kapitelet omtalar korleis planarbeidet skal organiserast, korleis vi skal leggja til rette for medverknad i drøftings- og høyringsfasa, samt framdrift og viktige milepelar i planarbeidet. Modellen gir ei forenkla framstilling av organisering og planprosess (jf. også kapittel 6):



Modell for organisering og prosess planprogram og samfunnsdel til kommuneplan

Administrativ og politisk organisering

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vera vårt viktigaste styringsdokument. God politisk og administrativ forankring er då viktig. I Øygarden kommune skal forankringa sikrast gjennom:

- Ei politisk og ei administrativ styringsgruppe
- Brei politisk og administrativ medverknad i utarbeiding av planprogram og i arbeidet med å utvikla ny samfunnsdel til kommuneplanen
- Etablering av tematiske og tverrfaglege arbeidsgrupper som gjennom inkluderande medverknadsprosessar arbeider fram kommunen sine langsiktige mål og strategiar for samfunnsutviklinga, kommunen som organisasjon og kommunen sine arealstrategiar
- Opne møtepunkt mellom administrasjon og politikk som sikrar at kommunen sine langsiktige mål og strategiar for Øygarden som samfunn, organisasjon og areal er samstemte og omforeinte.

Styringsgrupper:

- Politisk styringsgruppe: Utval for samfunnsutvikling (UFS) er styringsgruppe og har det overordna politiske ansvaret for kommuneplanprosessen
- Administrativ styringsgruppe: Kommunedirektøren si leiargruppe

Prosjektstyring:

Administrativt ansvar for gjennomføring av kommuneplanprosessen er lagt til Eining for plan, geodata og oppmåling m/prosjektleiing frå avdeling for areal- og samfunnsplan. Prosjektleiing har ansvar for:

- at planarbeidet vert gjennomført i samsvar med lovkrav og framdriftsplan,
- sikra faste møtepunkt og god dialog med politisk og administrativ styringsgruppe gjennom heile planprosessen
- å sikra god politisk og administrativ forankring av planarbeidet ved å etablere tematiske og tverrfagleg samansette arbeidsgrupper,
- sikra at arbeidsgruppene får delegert ansvar for å:
 - identifisera og gjennomføra nødvendige kunnskapshentingar og utgreiingar,
 - gjennomføra interessentanalysar og
 - at identifiserte interesser/aktørar, som vert påverka av planarbeidet, vert invitert til tidleg medverknad, dvs. i drøftingar og utformingar av kommunen sine langsiktige mål og strategiar.



Foto: Colourbox

For å sikra god prosjektstøtte til dei tematiske arbeidsgruppene, og formidla relevant og målretta informasjon til interessentar og innbyggjarar vert det etablert ei utvida prosjektstyringsgruppe. Prosjektstyringsgruppa har følgande samansetnad, rolle og ansvar:

Kommunalsjef	Eining/avdeling	Relevant kompetanse	Rolle og ansvar
Kultur og samfunn	Areal og samfunnsplan/plangruppa	Prosjektstyring, kunnskap og planprosessar, involvering og medverknadsarbeid	Overordna ansvar for prosjektstyring, involvering, framdrift, forankring (adm/pol/råd/uks) og rapportering
Organisasjon og digitalisering	Utvikling/prosjektstøtte	Oversikt over arbeidsgruppene	Deltak i arbeidsgrupper og prosjektstyringsgruppa. Bidreg med prosessstøtte og fasilitering
Organisasjon og digitalisering	Service/kommunikasjon	Har tilgang til å publisera nyhende og bruk av sosiale media, og kompetanse på kommunikasjonsplanlegging, involverings- og medverknadsarbeid.	Deltak i prosjektgruppa. Ansvar for kommunikasjonsplan, publiseringar og informasjon om planprosessen (medverknadsarbeid).
Organisasjon og digitalisering	Service/innbyggarservice	Innbyggartorg som viktig arena for innbyggjarinvolvering	Informera, støtta og forankra arbeidet med samfunnsdelen blant innbyggjarar gjennom å vera ein arena for innbyggjarinformasjon og medverknad.
Hovudtillitsvald og hovudvernombod		Har kjennskap til organisasjonen og tilsette sine behov og moglegheiter	Forankra arbeidet med samfunnsdelen i organisasjonen. Ansvar for å informera, involvera og mobilisera andre relevante tillitsvalte.

Kommunestyret og råda skal medverka i kommuneplanarbeidet

Utval for samfunnsutvikling (UFS) har det overordna politiske ansvaret for kommuneplanprosessen, men heile kommunestyret skal sikrast medverknad i arbeidet med å utforma mål og strategiar for samfunnsutviklinga; kommunen som organisasjon og i arbeidet med å fastsetja Øygarden kommune sine langsiktige arealstrategiar.

Følgjande råd skal også medverka:

- Eldreråd
- Råd for personar med funksjonsnedsetjing
- Ungdommens kommunestyre

Innbyggarmedverknad – alle skal med

Medverknad er eit lovkrav i plan- og bygningslova, og ein flott moglegheit til å engasjera og involvera breidda og mangfaldet av innbyggjarar, frivilligheita, lag- og organisasjonar, næringsliv mfl. Det er viktig å sikra involvering tidleg, slik at medverknadsaktørane opplever reell deltaking i arbeidet med å drøfta og peika ut retning og mål for samfunnsutviklinga i kommunen.

Øygarden kommune har høgt folketal og eit mangfald av innbyggjarar, både sosialt og geografisk. For å sikra at kommuneplanarbeidet blir

ein open og inkluderande prosess, vil kommunen nytta «interessentanalyse» som verktøy for å identifisera og involvera flest mogleg brukarar, innbyggjarar og interessegrupper.

Interessentanalysar

Øygarden har ein stor og kompetent organisasjon og engasjerte politikarar med god kjennskap til innbyggjarar, interessegrupper og samfunnsaktørar. For å sikra brei involvering vil dei tematiske og tverrfagleg samansette arbeidsgruppene få delegert ansvar for å gjennomføra interessentanalysar. Interessentanalysane sikrar ein felles og føreseieleg metodikk der arbeidsgruppene identifiserer interessegrupper og samfunnsaktørar som bør ta del i, eller som direkte vert påverka av planarbeidet. Slike identifiserte grupper skal inviterast til tidleg medverknad, dvs. i ei fase der dei kan gje innspel til definerte temaområder/utfordringar, og delta aktivt i arbeidet med å utforma mål og strategiar for innsatsområda og samfunnsutviklinga. Arbeidsgruppene definerer sjølv sine spesifikke metodar for medverknad og vil få delegert ansvar for å gjennomføra nødvendig prosessarbeid i samsvar med lovverk, felles framdriftsplan og milepelar.



Tiriltunge
Foto: Stig Guntveit

Folkevalde, råda og UKS spelar ei viktig rolle i medverknadsarbeidet

Dei folkevalde, råda og ungdommens kommune-
styre (UKS) spelar ei viktig rolle i arbeidet med å
sikra engasjement og god interessent- og inn-
byggjardialog. Forutan å delta i tverrpolitiske og
tverrfaglege arbeidsgrupper, vil dei folkevalde,
råda og UKS bidra til tidleg og reell innbyggjar- og
interessemedverknad. Til dømes ved å delta:

- på innspels- og arbeidsmøte med grendalag,
frivillige, interessegrupper, lag og organi-
sasjonar
- innspels- og arbeidsmøte med næringsliv
- innspels- og arbeidsmøte med eldre
- innspel- og arbeidsmøte med grupper som har
funksjonsnedsetting
- i arbeidet med å involvera og engasjera born
og unge til prosjektarbeid. T.d. bygga vidare på
skuleprosjekt og prosjektet «Ung i Øygarden –
Framtidsvisjonar»
- delta på debatt- og folkemøte
- mm

Informasjon og innbyggjartorga

Kommunen vil arbeida aktivt for å gjera kom-
muneplanarbeidet kjent, både i utformingsfasa og
i høyringsperioden. For å gjera oppstart av plan-
arbeidet kjent og inspirera innbyggjarane til enga-
sjement og deltaking vil bl.a. YouTube snuttar frå
elevprosjektet «Ung i Øygarden» verta relansert.
Relanseringa består av spissa elevforteljingar om
kva «den gode staden å bu», «meistring gjennom
livsløpet», «kompetent, innovativt og produktivt
samfunn» og «klimavenleg samfunnsutvikling»
betyr for unge i Øygarden.

For lett å kjenna att informasjon om samfunns-
planarbeidet, er det også utvikla eigen logo.
Logoen spelar på vår visjon om å vera eit «fyrstårn i
vest», prioriterte berekraftmål og temaområde.

Ei kort skisse til informasjonsplan følger som
vedlegg til planprogrammet. Informasjons-
arbeidet skal sikra at innbyggjarar og interessentar
vert inspirert til deltaking og informert om når og
korleis dei kan bidra inn i planarbeidet. Det same
gjeld informasjon om korleis innspel vil verta
handsama.

Kommunen sine tre innbyggjartorg, som no er
samlokalisert med biblioteka, vil spela ei viktig
rolle i dette informasjons- og dialogarbeidet. Inn-
byggjartorga/biblioteka vil aktivt verta nytta som
arena for inspirasjon, informasjon, temakvelder,
debatt, innspel og samskaping. Pågåande aktivi-
tetar, som språkkafé, kan vera døme på arena og
interessegrupper det vil vera naturleg å oppretta
dialog- og innspelsmøte med.



Logo for samfunnsplanarbeidet

6. Framdriftsplan og milepelar

Vidare saksgang


Plan- og bygningslova set rammer for prosess- og sakshandsaming av planprogram og kommuneplanen sin samfunnsdel.

Følgande saksgang har vore gjeldande/gjeld for utarbeiding av planprogram:

1. Brei administrativ og politisk medverknad i utforming av dei tema- og satsingsområda som er definert i planprogrammet.
2. Administrativ styringsgruppe handsamar forslag til tema- og satsingsområde
3. Politisk styringsgruppe (UFS) tilrår kommunestyret å vedta tema- og satsingsområda
4. Kommunestyret vedtek tema- og satsingsområda
5. Politisk styringsgruppe gjer vedtak om å leggja høyringsutkast til planprogram for samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden kommune 2022-2034 ut til offentleg ettersyn (1. desember 2020).
6. Høyringsperioden skal vera minimum 6 veker. Frist for å gje skriftlege innspel er sett til 22.01.2021.
7. Høyringsmøte med regionale myndigheiter 19.01.2021.
8. Høyringsinnspel skal handsamast administrativt, og eventuelle endringar skal innarbeidast i planprogrammet.
9. Kommunestyret gjer endeleg vedtak av planprogram etter tilråding frå politisk styringsgruppe (UFS, februar 2021).

Følgande saksgang vil gjelda for kommuneplanen sin samfunnsdel:

1. I samsvar planprogrammet sin omtale av formål, prosessar, framdrift og milepelar vert det utarbeidd høyringsutkast til ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden kommune 2022-2034 innan 19.10.2021.
2. Arbeidsgruppene sine interessentanalysar og påfølgjande plan for medverknad og kunnskapshentingar skal sikra tidleg, brei og reell medverknad. Medverknad og kunnskapshenting vil gå føre seg i perioden januar-mai 2021.
3. Spreiing av informasjon om planarbeidet skal skje i samsvar med informasjonsplan vedlagt planprogrammet.
4. Høyringsutkast til samfunnsdel med arealstrategiar skal orienterast om i råda (ER og RFF) og Ungdommens kommunestyre (UKS) før Utval for samfunnsutvikling (UFS) gjer høyringsvedtak. Høyringsperioden er 6 veker og sett til perioden 22.10 - 03.12.2021.
5. Høyringsmøte/planforum med regionale myndigheiter. November 2021.
6. Høyringsinnspel til kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi skal handsamast administrativ, og sørger for at eventuelle endringar vert innarbeidd i plandokumentet.
7. Orientering og drøfting av høyringsinnspel i råda, UKS og UFS, januar 2022.
8. Samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034 vert endeleg vedteken av kommunestyret i februar 2022.



Telavåg
Foto: Kjell Andersland

Oppgåver og framdrift

PLANPROGRAMMET								
Prosess, framdrift og milepelar utarbeiding av planprogram for samfunnsdel av kommuneplan for øygarden								
	2020						2021	
	Juni	August	September	Oktober	November	Desember	Januar	Februar
OPPGÅVER								
Utkast prosess planprogram til politisk orientering								
Oppstart arbeid planprogram								
Administrativt og politisk (+råd og UKS) arbeidsseminar for å definera tema-/innsatsområder, innspel til tverrfaglege samarbeidsgrupper			2.09 og 24.09					
Orienteringar/vedtak tema- og innsatsområde i planprogram og i arbeid med ny samsfunnsdel. UFS, råd, UKS og KS				UFS, tilrår vedtak 13.10. Orientering i RFF 20.10, ER og UKS 22.10. Vedtak i KS 29.10.				
Prosess etablere tematiske/tverrfaglege arbeidsgrupper med politisk representasjon, frå råda og UKS.					Innan 13.11			
Vedtak høyringsframlegg UFS						12/1/2020		
Offentleg ettersyn/høyring 6 veker						Frå 04.12.2020	Høyringsfrist 22.01.21	
Arrangera avsparkseminar med dei fire tematiske arbeidsgruppene. Arbeidsgruppene gjennomfører interessentanalysar, definerer medverknadsmetodar og utgreiings-/kunnskapsbehov						07.12.2020		
Høyringsmøte/planforum regionale myndigheiter							19.01.2021	

forts. neste side

PLANPROGRAMMET

Prosess, framdrift og milepelar utarbeiding av planprogram for samfunnsdel av kommuneplan for øygarden

	2020						2021	
	Juni	August	September	Oktober	November	Desember	Januar	Februar
OPPGÅVER								
Administrativt handsama høyringsinnspel								
Orientering/drøfting høyringsinnspel til planprogram i råda, UKS og UFS							UKS 26.01., RFF 27.01, ER 28.01.	Orientering og drøfting av høyringsinnspel og tilråding vedtak av planprogram i UFS 02.02.2021
Sluttbehandling/vedtak planprogram i kommunestyret								Vedtak planprogram i KS 18.02.2021
MØTER								
Møter politisk styringsgruppe/UFS			15.09.2020 Løypemelding/ opplæring	Tilråding tema-/ innsatsområde 13.10.2020		Vedtak 01.12.2020		Orientering og drøfting av høyringsinnspel og tilråding vedtak av planprogram i UFS 02.02.2021
Møter administrativ styringsgruppe	Orientering planstrategi-/ program			2. oktober. Drøfta utkast plan- program m/ tema innsatsområder			Drøfta innspel/ ev. justeringar i planprogram	
Møter leiarar for arbeidsgrupper								

SAMFUNNSDELEN

Framdriftsplan for utarbeiding av samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden 2022 - 2034

	2020	2021											2022	
	Oktober- desember	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	August	September	Oktober	November	Desember	Januar	Februar
OPPGÅVER														
Godkjenning innsatsområder/mandat/prosess planprogram og samfunnsdel av kommuneplan	13.10. (UFS) 29.10 (KS)2020													
Etablere tematiske og tverrfaglege arbeidsgrupper. Tildela mandat og gjennomføre interessentanalyser, identifisera kunnskapsbehov, utgreiningar og medverknadsmetodar.														
Arbeidsgruppene utarbeidar prosjektplan for kunnskapshenting og medverknad														
Arbeidsgruppene gjennomfører medverknadsprosess og kunnskapshenting														
Arbeidsgruppene systematiserer og deler innsikt frå medverknadsarbeidet														
Kommunestyret, råda og UKS bearbeider og analyserer resultat frå medverknadsarbeidet. Startar arbeidet med formulering av mål og strategiar.														
Arbeidsgruppene bearbeidar resutat frå politisk arbeidsseminar og utviklar forslag til mål og strategiar														
Administrativ utarbeiding av samla forslag til plandokument														
Interne høyringar og godkjenningar, administrativt og politisk														
Orientering om høyringsframlegg til ny samfunnsdel i råda og UKS										UKS 5.10, RFF 6.10, ER 7.10.				

forts. neste side

SAMFUNNSDELEN

Framdriftsplan for utarbeiding av samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden 2022 - 2034

	2020	2021											2022	
	Oktober- desember	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	August	September	Oktober	November	Desember	Januar	Februar
OPPGÅVER														
Framlegg høyringsutkast til ny samfunnsdel										UFS gjer høyrings-vedtak 19.10.21				
Offentleg ettersyn 6 veker										Høyringsperiode 22.10-03.12.2021				
Høyringsmøte/planforum regionale myndigheiter.														
Administrativt handsama høyringsinnspel														
Orientering og drøfting av høyringsinnspel i råda, UKS og UFS														
Vedtak samfunnsdel til kommuneplan i kommune-styret														
MØTER														
Møter politisk styringsgruppe/UFS														
Møter administrativ styringsgruppe														
Møter leiarar arbeidsgrupper														

7. Lokale, regionale og nasjonale føringar

Lokale føringar. Øygarden- eit fyrstårn i vest

Intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga mellom dei tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal fram til ny samfunnsdel til kommuneplan er vedteken, vera førande for utviklinga i Øygarden.

Øygarden sin visjon er å vera eit fyrstårn i vest. Kommunen skal vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar, med særlege fortrinn innanfor energi, teknologi og marine ressursar. Vi skal levera gode tenestetilbod til innbyggjarane, og gjennom aktiv samfunns- og næringsutvikling sikra attraktivitet og vekst i heile kommunen. Næstenesteprinsippet skal leggjast til grunn for utviklingsarbeidet, der daglege tenester er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt.



Dalseide
Foto: Jøran Ingvaldsen

Nasjonale forventingar og føringar

[Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#) legg til grunn at berekraftmåla til FN skal vera det politiske hovudgrepet for å ta tak i dei største utfordringane i kommunane. Berekraftmåla set fokus på samanhengen mellom miljø, økonomi og sosial utvikling.

For å oppnå ei heilskapleg og berekraftig utvikling, vil Øygarden aktivt nytta berekraftmåla i planprogrammet og i prosessarbeidet med å utvikla ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden 2022-2034.

Nasjonalt vert det peika på fire store berekraftutfordringar i Noreg, og som kommunane må ta omsyn til i si planlegging:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Regjeringa konkretiserer dei fire utfordringane til tre satsingsområde som må leggest til grunn i kommunal planlegging:

1. Berekraftig areal og transportplanlegging
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Byar og tettstadar der det er godt å bu og leva



Figur som illustrerer samanhengen mellom dei ulike dimensjonane i berekraftig utvikling, der økonomi og samfunn er innvevd i, og avhengig av, biosfæren. Modellen er utvikla av Stockholm Resilience Centre.

Kommunen sine arealstrategiar er viktige verk-
tøy for å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling.
Ved å fastsetja dei overordna arealstrategiane i
samfunnsdelen til kommuneplanen vil det vera
enklare å sjå arealbruken i samheng med
behova og berekraftutfordringane i kommunen.

Nasjonale føringar:

Nasjonale forventingar til regional og kom-
munal planlegging 2019-2023

Statlege planretningslinjer (SPR) for samordna
bustad-, areal- og transportplanlegging

Statlege planretningslinjer for klima- og energi-
planlegging og klimatilpassing

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og
unge sine interesser i planlegging

Lista er ikkje uttømande

Regionale forventingar og føringar

I [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#) set
Vestland fylkeskommune fire overordna mål for
samfunnsutviklinga i fylket:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket
og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og
desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunns-
utvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
i heile Vestland
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Utviklingsplanen viser til fleire regionale planar
frå tidlegare Hordaland fylkeskommune som
vert vidareført. Dei må leggest til grunn for plan-
legginga i kommunen:

Regionale planar/føringar:

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Regional areal- og transportplan for Bergens-
området (2017-2028).

Regional plan for attraktive senter
- senterstruktur, tenester og handel (2015-2026).

Regional transportplan for Hordaland (2018-
2029).

Regional plan for folkehelse - fleire gode leve-
kår for alle (2015-2025).

Regional plan for vassregion Hordaland (2016-
2021). Arbeid med å utvikle ny plan har starta.

8. Utgreiingsbehov

I planstrategien til Øygarden kommune 2020-2023 er det peika på fleire sentrale tema som vi treng å utgreia nærare i arbeidet med samfunnsdelen. Lista er ikkje uttømmende, men vil verta arbeidd vidare med i dei tematiske-/tverrfaglege arbeidsgruppene:


Tema	Føremål
Sentrum	Utgreia/avklara sentrumsstruktur og sentrumshierarki i kommunen, og vurderer behov for areal til ulike type handel
Næring, omstilling	Utgreia potensiale for framtidig verdiskaping i kommunen, og omstilling til eit mindre utsleppstungt næringsliv
Miljø	Utgreia kva behov kommunen har for å etablera system for overvaking og oppfølging av forureining.
Digitalisering	Utgreia kommunen sitt potensiale og behov for å nytta digitalisering for smartare tenesteutvikling
Aldersvenleg lokalsamfunn	Utgreia kva som skal til for at kommunen skal vera meir aldersvenleg. Utgreiinga skal særleg omhandla universell utforming, transport, bustadar, kommunikasjon og medverknad
Ulike utgreiingsbehov i samband med arealstrategien	Sjå på samanheng mellom offentleg tenesteyting, samferdsel og utbyggingsføremål og koplinga til finansiering av sosial og teknisk infrastruktur.

[Folkehelseoversikt for Øygarden kommune 2019](#)

[Kunnskapsgrunnlag til kommunen sin planstrategi for 2020-2023](#)

[Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023](#)

Informasjonsplan for arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplan for Øygarden 2022-2034





*Sotraplassen, Straume
Foto: Monica Hovland*